



Nasjonalparkstyret
for Jotunheimen
og Utladalen

Møteinnkalling

Utval: **Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen
nasjonalparkstyre**

Møtestad: Teams-møte

Dato: 15.05.2024

Tidspunkt: 14:15

Eventuelt forfall må meldes snarast til nasjonalparkforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Etter avtale med styreleiar blir det kalla inn til møte i Arbeidsutvalet for behandling av ei hastesak.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 2/2024	Godkjenning av protokoll/innkalling		
ST 3/2024	Utladalen landskapsvernområde - Tiltak på/ved bygninger i Skåri - Status som nasjonalparksenter - Utladalen Naturhus		2024/5299

ST 2/2024 Godkjenning av protokoll/innkalling



Arkivsaksnummer: 2024/5299-6

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 09.05.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre	3/2024	15.05.2024

Utladalen landskapsvernområde - Tiltak på/ved bygningar i Skåri - Status som nasjonalparksenter - Utladalen Naturhus

Innstilling frå forvaltar

Arnt Otto Øygarden / Stiftinga Utladalen Naturhus får med heimel § 3 pkt. 1.3 a) i verneforskrift for Utladalen av 14.11.2014 løyve til etablering av tilkomstrampe og utskifting av dører for å imøtekoma krav til universell utforming / tilgang for for rullestolbrukarar. Tiltaka er i samsvar med krav frå Miljødirektoratet for eit autorisert informasjonsenter.

Det blir med heimel i verneforkskrifta § 3 pkt. 6.3 g) gjeve løyve til nødvendig transport av utstyr/materialar bruk av maskinar i samband med utføring av terrengarbeid og muring.

Dispensasjonen vert gjeve på følgjande vilkår:

- Første del av rampe blir bygd av lokal stein, med toppdekke som omtala i søknad. Materiale og utforming skal følgje same uttrykk som tilrettelegginga frå 2014. Om det er nødvendig i høve til krav om universell utforming, kan toppdekket utbetrast på heile den mura gangvegstrekinga.
- Rampe langs vegg på driftsbygning/utstillingsbygg utførast i malmfuru
- Ved utskifting av dør på stovebygget skal arbeidet gjennomførast med materialar og utforming som følgjer byggestilen på eksisterande bygning.
- Motorferdsel avgrensast til det heilt nødvendige.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Byggesøknad av 09.04.24 frå Utladalen Naturhus v/ grunneigar Arnt Otto Øygarden til Årdal kommune, vidaresendt 24.04.24 til nasjonalparkforvaltninga.
- Førebels svar av 07.05.24 frå saksbehandlar til Øygarden
- E-post av 08.05.24 vedlagt målsett snittskisse av rampe.
- E-postutveksling med Årdal kommune om søknaden
- Sak 33/2012 i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - *Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - 2012 - Nytt toalettanlegg, universell tilkomstveg og etablering av utescene ved Utladalen Naturhus - Stiftinga Utladalen Naturhus*
- Besøksstrategi for Jotunheimen og Utladalen frå 2012.

Saksopplysningar

Arnt Otto Øygarden er eigar av bruket Skåri, som er den første plassen du møter etter å ha passert verneområdegrensa med Hjelle i Utladalen. Øygarden har ei avtale med stiftinga Utladalen Naturhus som disponerer dei to bygningane på bruket som er restaurert og innreia som utstillingslokale i fjøs/løe og kafe/møterom i stovehuset. Utladalen Naturhus er tildelt status som informasjonssenter for Jotunheimen og Utladalen, og dette krev tilpassingar for å gjera bygningane tilgjengelege for alle. Dette er planagt løyst ved etablering av ei rampe på innsida av bygningane og med ny inngang rett inn mot utstillingslokalet, jf. søknaden:

«Vedlagt byggemelding for mindre tiltak utan ansvarsrett

- Skilting skal vera likt på alle senter, og me må derfor bytta ut eksisterande skilt med nye. Dette vil bli sett opp på begge bygga, vert synleg om du kjem frå Vetti eller Årdal, og vil bli plassert i gavlveggen på stovehuset og langveggen på driftsbygningen/utstillinga. Skilta vil bli på storleik 70x100 cm og truleg i tre.
- Eksisterande informasjonstavler (2 stk) vil bli teke ned, og me ynskje nye tavler sett i ein trekant ved vegen som vist på teikning. Me er usikre på utforming, men kan koma tilbake til dette og kan visa forslag som er nytta på andre nasjonalparksenter.
- Dør på stovehuset skal skiftast til breiare dør for å tilfredsstilla tilkomst for rørslehemma. Dør vil sjølvsagt bli tilpassa bygning (fyllingsdør i tre).
- Me må bygga ein ny tilkomst til utstillinga. Det er ein eksisterande port som er ca 150 cm brei på langsida som vil bli nytta til ny tilkomst. Me ynskjer å bygga ein rampe på brede 120 cm eller meir langs bygget i tre og ein skrårampe i mura stein med overflate av grus eller subb. Rampen skal ha ein stigning på 1:15.»

Merknad: Kulepunkt 1 og 2 blir ikkje teke opp til behandling nå, krev meir dokumentasjon.

Tilleggsopplysning ved e-post av 24.04.24 frå Arnt Otto Øygarden:

«Overflater på skrårampe vert subb/grus og med murar i same stein som eksisterande murar. Horisontalrampe langs bygget, vert i ubehandla grovt trevirke i form av spiler på tvers.»

Det er både i sjølve byggesøknaden og i e-post 08.05.2024 stadfesta at maks høgdeskilnad er 50 cm, slik at krav om rekkverk ikkje vil bli gjeldande:

Skrårampe med stigning 1:15. Oppført i steinmur av stein som eksisterande murar rundt Utladalen Naturhus. Stein er teke frå område rundt naturhuset. Maks høgdeforskjel (i liteområde ca 1,5 m lengde) er 50 cm frå terreng til topp rampe. Min. breidde 130 cm.

Horisontal rampe med overflater i ubehandla tre (grovt dimensjonerte spiler). Denne er på baksida av "fjøs/uthus" mot eksisterande port som har breidde på ca. 140 cm.


Skifte dør i "stovehuset" til helltre dør i trefylling med breidde 100 cm.

Skilting i tråd med "uniformering" av nasjonalparksenter.

I 2013-2014 vart det og utført tilrettelegging for rørslehemma ved Naturhuset. Det vart bygd ein rullestolveg opp til tunet, og eit toalettanlegg tilpassa rullestolbrukarar stod ferdig i 2014.



Skisser vedlagt søknaden som viser planlagt tilrettelegging:



Som det går fram av søknaden så vil tilrettelegging som nytt informasjonssenter også krevje oppdatert skilting i tråd med designmalen for Norges nasjonalparker. Søknaden har ikkje konkretisert tiltaka om skilting på ein god nok måte, så punkt om skilt vil bli behandla på eit seinare tidspunkt når fullstendig dokumentasjon ligg føre – jf. førebels svar av 07.05.2024.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av vedtekter, sist revidert frå 19.01.2024. Nasjonalparkstyret har i sak 20/2016 delegert til Arbeidsutvalet å ta avgjerd i hastesaker som ikkje er i konflikt med verneverdiane. Det er i ei tidlegare styresak 33/2012 gjeve løyve til eit liknande tiltak ved Naturhuset, så det vi vera kurant å leggje avgerda til Arbeidsutvalet.

Verneformål – forskrift

§ 3 pkt. 1.1 i verneforskrift for Utladalen landskapsvernområde av 14.11.14 set eit generelt forbod mot inngrep i landskapet (dei relevante er understreka i teksten under):

1. Landskapet

1.1 Inngrep i landskapet

Området er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sitt særpreg eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskrifta pkt 1.2 og 1.3 er det forbod mot inngrep som vegbygging, oppføring og ombygging av varige eller mellombelse bygningar, gjerde, anlegg og innretningar, parkering av campingvogner, bubilar, maskinar og liknande, bergverksdrift, vassdragsregulering, graving, utfylling og lagring av masse, sprenging og boring, bryting av stein, mineralar og fossil, uttak og fjerning av større stein og blokker, drenering og anna form for tørrlegging, nydyrking, nyplanting, bakkeplanering, framføring av luft- og jordleidningar, riving av bygningar som pregar landskapet sitt særpreg og karakter, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, opparbeiding og merking av stiar, løyper o.l. Opplistinga er ikkje uttømmende.»

I medhald av § 3 pkt. 1.3 kan forvaltningsstyresmakta gje løyve til:

a) *Ombygging og utviding av eksisterande bygningar, anlegg og innretningar.*

- - - -

Ombygging, utviding og nybygg skal skje i samsvar med lokal byggeskikk når det gjeld utforming, fargar og materialbruk, og skal tilpassast landskapet.»

Motorferdsel

Verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde § 3 pkt. 6.1, har generelt forbod mot motorferdsel.

Forvaltninga kan med heimel i § 3 - 6.3 g) gi løyve til «*Bruk av båt med motor, beltekjøretøy på vinterføre, bil på Koldedalsvegen og Vettisvegen eller luffartøy i samband med; Transport av materialar til vedlikehald og byggearbeid på bygningar, anlegg og innretningar*»

Forvaltningsplan (utkast frå 2008 blir brukt som rettleiande dokument)

Kap. 8.2. *Turisthytter og andre hytter, buer og naust* har føringar for utviding / ombygging:

«I landskapsvernområdet er alle inngrep som vesentleg kan endra landskapets art eller karakter forbode, medrekna m.a. oppføring av bygningar, anlegg m.v. (framlegg verneforskrift § 3.1.1). Vanleg vedlikehald er tillate. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til m.a. ombygging og utviding av eksisterande bygningar (framlegg verneforskrift § 3.1.3a), oppføring og mindre utviding av bygningar og innretningar som er naudsynte for drift av turisthytter til utviding av eksisterande og oppføring av nye bygningar som er naudsynte for landbruksformål og istandsetjing av seterhus (framlegg verneforskrift § 3.1.3).

Retningslinjer:

Det vil i utgangspunktet ikkje bli gjeve løyve til nye bygg utover dei som det tidlegare (i samband med handsaminga av vernevedtaket) er gjeve løyve til. - - -


Alle nybygg, utvidingar og vedlikehald skal utførast i tradisjonell og lokal byggestil og på ein slik måte at det i minst mogleg grad bryt med natur- og kulturlandskapet og eksisterande bygg i området.

Tiltak:

- Samarbeide med kommunane om følgje opp tradisjonell byggestil.
- Samarbeide med fylkeskonservatoren om utsjånad på bygg i samband med restaureringsarbeid.- - -»

Forvaltningsplanutkastet deler verneområda i ulike soner etter tilretteleggingsgrad og med føringar for differensiert forvaltningspraksis. Skåri ligg i såkalla brukssone i teig 11

Teig 11: Heimre Utladalen «Retningslinjer: ...Ved tilretteleggingstiltak og restaurering av byggverk og stiar skal tidlegare standard og utforming vere retningsgjevande.»



Naturmangfaldlova

Miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 skal vurderast i alle dispensasjonssaker.

Presedens

Brev av 02.03.15 frå Klima- og miljødepartementet (KLD) gjev retningslinjer for presedens i byggesaker med dispensasjonsvurdering etter naturmangfaldlova § 48. Det er naturleg å sjå til desse retningslinjene også i andre dispensasjonssaker:

«.. Vurderingen av presedensvirkninger knytter seg for det første til sannsynligheten for at lignende tiltak vil fremmes i fremtiden. Dette avhenger primært av antall saker hvor likebehandling tilsier at dispensasjon vil måtte gis. - - -

Momenter ved vurdering av sannsynlighet for at et vedtak vil skape presedens vil blant annet kunne være hvor mange andre bygninger det er i verneområdet som vil kunne søke om samme tiltak, om det er spesielle forhold knyttet til saken som tilsier at den kan særbehandles og om tiltakstypen er behandlet i forvaltningsplan med klar avgrensning av hva som kan tillates. - - -

Hvis søker har spesielle behov for å gjennomføre tiltaket, kan dette skille saken fra andre lignende saker og dermed redusere faren for presedensvirkninger.»

Vurdering

Naturhuset vart offisielt opna i 1998, og har utvikla seg til ein samlingstad både for årdølane og for tilreisande frå inn- og utland. Utstillinga i den tidlegare driftsbygningen formidlar natur- og kulturhistoria i Utladalen og Vest-Jotunheimen, og vil etter kvar bli fornya i samsvar med føringar som gjeld for eit autorisert informasjonssenter for Jotunheimen og Utladalen.

Søknaden er ei vidareføring av tidlegare tiltak for universell utforming ved Skåri / Utladalen Naturhus. Første trinn var gangveg opp i tunet og toalett tilpassa rullestolbrukarar. Som ei vidareføring av tilkomsten, må det etablerast ny rullestolrampe opp til ny inngang på innsida av utstillingsbygget. I sak 32/2012 var følgjande sagt om vidare tilrettelegging: «*Stigninga kan ikkje overstige 1:15 og ein må derfor bygge ein lengre veg enn dei eksisterande trappene. Denne er planlagt oppmura i naturstein og med fast dekke (grus, tre eller skifer). Når rullestolbrukarar har tilkomst til tunet, kan også resten av anlegget seinare tilpassast universell utforming.*»

Biletet under viser den tilpassa gangvegen opp i tunet og mot toalettet (bak stovebygningen).



Den nye oppmura rampa vil halde fram på innsida av stovebygget, og gå over til ei treplattform langs langveggen på driftsbygningen og gje tilkomst via den gamle porten som blir ny inngang til utstillingane. Rampa vil ha det mura partiet i området til høgre i biletet under, og med gangbane i tre langs veggen til høgre på driftsbygningen i bakgrunnen.



I forvaltningsplanen er området definert som sone med spesiell tilrettelegging og inngrep, og i innfallsporten ved Skåri er det allereie tilrettelegging og infrastruktur for å kunne ta imot besøkande på ein god måte. Nokre tiltak for å gjera tunet tilgjengeleg for rørslehemma vart utført i 2013-2014, men ved eit offisielt informasjonssenter er det også krav om å gjera bygningar med utstilling og publikumsareal tilgjengeleg. Med dette kravet har naturhuset eit særleg behov for å gjennomføre tiltaket, og saka skil seg derfor frå andre utbetringar av bygningar elles i landskapsvernområdet. Faren for presedensverknad er dermed liten.

Verneforskrifta opnar for at nasjonalparkstyret kan gje løyve til ombygging og utviding av eksisterande bygningar, jf. Verneforskrifta § 3 pkt. 1.3 a). Vilkåret er at «ombygging, utviding


og nybygg skal skje i samsvar med lokal byggeskikk når det gjeld utforming, fargar og materialbruk, og skal tilpassast landskapet.» Det må derfor vurderast korleis tiltaka vil påverke landskapets art og karakter.

Tilrettelegginga vil vera lite synleg frå vegen som går gjennom tunet. Det er teke omsyn til bygningsmiljøet, gjennom bruk av naturstein og tre som vil harmonere med det eksisterande anlegget. Ved at det allereie er ein port som kan brukast til ny inngang til utstillingane frå den nye tilkomstrampa vil det ikkje bli vesentleg endring på utstillingsbygningen. Det ligg ikkje føre teikningar av ny dør til stovehuset, men det er opplyst at det skal vera ei fyllingsdør i heiltre som blir tilpassa eksisterande bygning. Dersom den breiare døra til hovudhuset blir dominerande, kunne kanskje ei delt dør med eit sidepanel som kan opnast vore ei mogleg løysing. Dette bør evt. vurderast av kommunen som bygningsmyndigheit, og i samråd med kulturavdelinga i fylkeskommunen.

Det er etablert praksis å gje løyve til nødvendig motorferdsel i tilknytning til bygningsmessige utbetringar. Nødvendig transport av materialar og utstyr til utbetringane vil berre gjelde på ei svært kort strekning frå vernegrensa og inn på tunet i Skåri, og blir ikkje vurdert å gå ut over verneverdiar eller verneformål.

Vurdering etter Naturmangfaldlova (nml) §§8-12:

Rundt Skåri finn ein naturtypen slåttemark av særleg stor verdi (nml § 8), men tiltaket er avgrensa til ei smal stripe langs bygningane, og kjem ikkje inn på sjølve slåttemarka.



Det er ikkje kjente førekomstar av raudlisteartar i tunet (Artskart, 08.05.2024).

Kunnskapsgrunnlaget (jf. naturmangfoldlova § 8) er vurdert som godt, og føre-var-prinsippet i § 9 er derfor ikkje vurdert som relevant i saka. Tilrettelegginga har liten innverknad på den samla belastninga på økosystemet, jf. naturmangfoldlova § 10. Det er ikkje registrert sårbare artar som kan bli påverka av tiltaka, og innverknad på naturmiljøet blir vurdert som liten.

Rampa er diskret plassert, og blir lite synleg i kulturlandskapet.

§ 11 om at kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar blir ikkje vurdert som relevant, da restar av materialar må ryddast og transporterast ut ved avslutning av arbeidet.

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode: materialbruk og utforming er tilpassa eksisterande bygningar og tilrettelegging.

Isolert sett er det ikkje ønskjeleg med påbygg og ombygginger innan verneområdet, men med den universelle utforminga, opnar ein opp for at fleire brukargrupper kan koma og oppleve verneområdet i større grad. Dette er også eit krav stilt av Miljødirektoratet til

autoriserte informasjonssentra, slik at det her ligg føre eit særskild behov som gjer at saka ikkje vil skape uheldig presedens.

Konklusjon

Tiltaket vil styrke innfallsporten og ikkje påverke verneverdiane nemneverdig. Tilrettelegginga blir vurdert å vera i tråd med forvaltningsplan og besøkstrategi for Jotunheimen og Utladalen.

Tiltak for universell utforming vil styrke innfallsporten. Området innover Utladalen langs Folkevegen gjev eit breitt tilbod grunna eksisterande veg og mange naturopplevingar nær denne. Med god tilrettelegging av heile anlegget, kan fleire besøkande få med seg informasjon om verneområdet og verneverdiane. Styrking av dei sentrale innfallsportane er i tråd med besøksstrategi for Jotunheimen NP og Utladalen LVO som vart godkjent i 2012. I denne strategien skal innfallsporten Heimre Utladalen vera utgangspunkt for både «Opplev Jotunheimen/Utladalen på ein time» og «Opplev Jotunheimen/Utladalen på ein dag». Med omsøkt tilrettelegging kan enda fleire brukargrupper få eit tilbod om opplevingar i Utladalen.